



NOTAT

Arkivsaknr.:
2014000638-60

Arkiv

Sakshandsamar
Noralv Distad, 57 63 29 29

Dato
03.03.2016

Aurland som eigen kommune

Etter ei samla vurdering av dei oppgåvane kommunane har i dag, nye oppgåver, økonomisk grunnlag, geografiske tilhøve og kompetanse er Aurland som eigen kommune eit aktuelt og realistisk alternativ.

Visjonen
Aurland – det naturlege valet

Aurland

Aurland har pr. 31/12 2015 1764 innbyggjarar. Det har vore vekst i folketalet dei siste 5 åra. Ein forventar vekst i reiselivet, som er den største næringa i Aurland, men og innan handel, produksjon, tenesteyting og bygg- og anlegg. Aurland er verdsarvkommune, har store, internasjonale turistattraksjonar, fleire kraftstasjonar og høg gjennomgangstrafikk. På dette grunnlaget har Aurland ansvar og store oppgåver utover det folketalet tilseier og ikkje minst store muleigheter for ei positiv samfunnsutvikling. Aurland har føresetnader for å kunna ta seg av desse oppgåvene i eigen kommune.

Mål og behov

Aurland kommune skal sikra eit velfungerande lokaldemokrati, yta gode og likeverdige tenester, ha evne til å ta på seg større oppgåver, vera ein berekraftig og økonomisk solid kommune, stå for heilskapleg samfunnsutvikling, fremja vekstkraft i eit variert næringslivet, vera fremst i landet på reiseliv med aukande heilårsaktivitet, utvikla eit verdsarvområde med berekraftig vekst.

Tenester

- Brukarnære tenester som kan løysast av Aurland kommune i eigen regi:
barnehage, skule, lege, fysioterapi, heimesjukepleie, sjukeheim, kultur, musikk- og kulturskule, NAV, førebygging barn og unge, tekniske tenester, brann og beredskap, landbruk, utmarksforvaltning, tannlege (frå 2020), næring.
- Spesialiserte tenester og funksjonar kan takast i vare gjennom interkommunalt samarbeid eller ved kjøp av tenester: PPT, barnevern, rehabilitering, Ø-hjelp, legevakt, renovasjon, IKT .
- Aurland kommune skal arbeida for best mogleg tilbod der stat og fylkeskommune har ansvaret: Pre-hospitale tenester (ambulanse), politi, vidaregåande opplæring, vegar, regional utvikling.

Samfunnsutvikling

- Aurland kommune skal syta for framtidsretta arealplanlegging, bustadbygging i takt med behov, næringsutvikling med fleire arbeidsplassar og miljø- og energiforvaltning med vekt på berekraft og verdiskaping
- * . Aurland skal utnytta sin strategiske posisjon, geografisk og næringsretta, til å sikra eksisterande arbeidsplassar og skapa nye som grunnlag for vekst i folketallet.
- * Aurland skal samarbeida med nabokommunane for å koma fram til gode regionale løysingar.

Lokaldemokrati

- Aurland kommune skal halda fram med 17 medlemer i kommunestyret og 5 i formannskapet.
- Ein skal ha stor vekt på reell innbyggjarmederknad-
- Aurland kommune skal ha gode rutinar for eigarstyring og bestilling av tenestekjøp

Geografiske tilhøve i høve kommunereforma

- Det er lange avstandar til nærmeste større sentra. Dette plasserer Aurland i kategorien ”ufrivilleg liten kommune” som gjer at ein ikkje taper på nytt inntektssystem slik det er skissert pr. i dag.

Økonomi

- Aurland kommune har solid økonomi og gode inntekter.
- Aurland er eigar i solide selskap som gjev avkastning til eigar og lokalsamfunn
- Aurland kommune skal ha fokus på god økonomistyring og effektiv drift.
- Ein skal arbeida for at kraftkommunane sine rettar vert ivaretkne.

Kompetanse og organisasjonsutvikling

- Aurland kommune har god kompetanse i eigen organisasjon
- Aurland kommune skal driva kontinuerleg organisasjonsutvikling med tanke på god leiing, høg kompetanse og effektiv drift.

Noralf Distad
ordførar